

NR. 2

FEBRUAR 1981

14. ÅRGANG

Ny organist i Ytre Arna



Siri Brunvoll

Sundag 1. februar tok Siri Brunvoll til i stillinga som organist i Ytre Arna. Saman med resten av familien – mann og 3 søner – var ho med på årsfesten i kyrkjelyden og der fekk me høyra alle saman i aksjon – på piano, fiolin, trompet og fløyte – og fleire instrument kunne dei visst ha nytta også. Det var tydeleg at interessa for musikk var stor hjå alle.

Ho har no i nokre år vore organist i St. Olav kapell i Bergen, men familien flytta nyleg til Åsane, og då var det kortare veg til Ytre Arna. Før det har ho vore vikar ei

Framhald s. 4

Bibeldagen 15. februar



**Bibelen
– open
for
alle**

Arna kl. 11, biskop Olav Hagesæther.

Ytre Arna kl. 11, res.kap. Sundsbø.

Trengereid kl. 11, sokneprest Øy.

Offer til bibelmisjonen ved alle gudstenestene. Pengane som kjem inn på Bibeldagen i år vil gå til innkjøp av ein million testamenter og bibeldelar til Bolivia, Brasil og Paraguay.

Arna bedehus kl. 18, kyrkjelydsfest. Tale av biskop Olav Hagesæther. Song av Arna Ten Sing og ein kvartett. Musikk av Håkon Gudbrandsen. Servering. Årsmøte i kyrkjelyden.

Kontigenten 1981

I dette bladet er det vedlagt postgiro til kontigenten for 1981. Sokneråda i Arna har vedteke å auka kontigenten frå kr. 15,- til kr. 25,- for året. Med det vil bladet kunna koma ut oftare

Redaksjonen er takksam for snarleg innbetaling.

Unge vaksne



Den som held seg litt orientert om kva som går føre seg i Arna kyrkjelyd, har vel oppdaga namnet «Unge Vaksne» i ein eller annan samanheng. Og ein har nok undra seg over kva dette er for noko.

Unge Vaksne vart starta våren 1980, etter at fleire av oss unge i kyrkjelyden hadde vore einige om at det var behov for eit kristent fellesskap for oss over 18 år.

Dette behovet hadde vakse fram av fleire grunnar. Me trong eit fellesskap spesielt med folk på vår eigen alder, eit fellesskap som samla ungdomar frå alle delar av bygda vår og som kanskje gjekk litt andre vegar enn dei fellesskapa som alt fanst.


Då Unge Vaksne vart starta, vart det sett opp nokre grunnidéar for arbeidet: Fellesskapet skulle styrkja kvar ein skild til teneste på andre område, men det skulle også vera ope for folk utan tilknytning til andre kristne miljø/arbeid.

Unge Vaksne står ikkje tilslutta nokon organisasjon, men er ein del av kyrkjelyden. Føremålsparagrafane fann me i Kol. 3.23 og i Gal. 5. 22-23.

Me må nok innrømme at hausten som gjekk var heller laber når ein ser på kva aktivitet det var i Unge Vaksne. Men fram til sommaren vil me arbeida oss inn i rytme, både i organisering og aktivitet. Me satsar på faste møtet annankvar laurdag.

2

Første fredag i mars er
**KVINNENES
INTERNASJONALE
BØNNEDAG**



Då samlast kvinner over heile verda til bøn. I år er det indianarkvinner i Amerika som har gitt oss mottoet for dagen:

JORDA HØYRER HERREN TIL
(Salme 24.1).

Vi samlast i Arna bedehus fredag 6. mars kl. 18.00.

Kollekt til «Spreiing av Bibelen». Alle er hjarteleg velkomne!

BORNA SIN MISJONSDAG


Ytre Arna kyrkje 22. februar:
Familiegudsteneste kl. 11.00 ved sokneprest Øy. Yngste Røyster syng. Offer til Santalmisjonen.

Arna kyrkje 1. mars:
Familiegudsteneste kl. 11 ved sokneprest Øy og ein utsending frå Santalmisjonen. Det vert song av born, og Indre Arna skulekorps spelar. Offer til Santalmisjonen.
Heile familien er velkommen!

Den andre hovudoppgåva blir å «restaurera» loftet på Borgstova til bruk som lokale bl.a. for Unge Vaksne.

Me vil be om forbøn og om ros, eventuelt ris, for arbeidet vårt. Ef. 4.2-6.

Dag Erlend Skjelbreid.



Åtte minutt....

Gjennomsnittsnordmannen nyttar åtte minutt om dagen til boklesing, synte ei meiningsmåling.

Ein kan tru kva ein vil om slike undersøkingar. Resultatet er i alle høve tankevekkjande, særleg om ein jamfører med eit anna resultat: Det same gjennomsnittsmennesket sit dagleg ein og ein kvart time framfor fjernsynet.

Før i tida kallar ein alvorlege kristne for «lesarar». Ein kunne ynkska at namnet framleis vart nytta som eit heidersnamn for kristne. Bibellesing gjev dagleg mat for kristenlivet.

Ein kan saktens trenga god og solid næring. Som ei prøve kunne ein sjå om det ikkje vart litt ut av dei gjennomsnittlege åtte minutta, om ein nytta dei til bibellesing.

Medan klokka tek til å tikka, blar vi opp i Johannes 10 og les «Eg er døra» og «Den gode hyrdingen» — noterar at to minutt er brukt — held fram i Lukas 8, les heile Sámanslikninga — to minutt der og — slår opp i Romarane 8, les jamt og roleg om «Livet i Anden» fram til vers 17 — to og eit halvt minutt — og får ednå tid til å lesa 1. Johannes brev, fyrste kapittel, før dei åtte minutta er gått.

Åtte minutt om dagen — kvar dag! — kan vera ein god start, for det kan føra til at ein vert ein «lesar» før ein veit av det!

Evangelisk aksjon i Ytre Arna



Soknerådet og dei kristelege organisasjonane i Ytre Arna har gått saman om å ha ein evangelisk aksjon i Ytre Arna kyrkje i tida 24.2-1.3.

Det vert møte kvar kveld. Talar vert krinsssekretær i Santalmisjonen, Martin Halleraker og Arve og Anne Hilde Garnes Reigstad vil ta del med song. I samband med aksjonen vil ein gå rundt med ei innbyding til alle husstandar i Ytre Arna.

Aksjonsmøta tek til kl. 19.45. Det vert ekstrabuss frå Kvamme kl. 19.15 om Haugland til kyrkja kvar kveld. Retur etter møta. Tida høver og med rutebuss frå Indre Arna. I tillegg vil ein tilby skyss med privatbil alle kveldane. Ein kan då ringja telefon 24 22 87, Fylkesnes, eller prestekontoret 24 13 25.

ARNATVEIT AUTO SENTER

J. B. Myklestad
5260 INDRE ARNA
Telefon 24 07 40 — Privat 22 69 01

3

Familieside

ARNA SOKN:

Døypte:

1/1: Monica Hals.
11/1: Christian Haugsvær og Arnstein Eriksen.
18/1: Thor-Erik Horntvedt.
21/1: Marius Opedal Endresen, Tor Henrik Hansen, Kjerstin Søilen, Beate Andreassen og Janne Merethe Njåstad.
25/1: Monica Berge og Ingfrid Marie Natland Næss.
1/2: Jan Ove Taranger og Magne Sagstad.

YTRE ARNA SOKN:

1/2: Karianne Johannessen.

YTRE ARNA SOKN:

Døde:

30/12: Øyvind Kalsås, f. 1942.

Ofringane i kyrkjelydane

ARNA:

4/1: Samemisjonen kr. 2008,-
11/1: Arna kyrkjelyd kr. 876,-
18/1: Arna kyrkjelyd kr. 860,-
25/1: IKO kr. 1907,-

YTRE ARNA:

11/1: Misjonssambandet kr. 490,-
1/2: Bispedømerådet kr. 550,-

UTLODNING TIL REDD BARNA

Eyolf Berentsen og Knut Ørjan Pedersen har gjort ein fin innsats for Redd Barna. Dei har hatt utlodning i nabolaget og fått inn kr. 185,-.

Takk for innsatsen!

FASTEGUDSTENESTER

I fastetida vil vi dette året ha fastegudstenester desse onsdagane:

4. mars: Arna og Ytre Arna.
11. mars: Arna.
18. mars: Arna.
25. mars: Arna og Trengereid.
1. april: Arna og Takvam.

Alle gudstenestene tek til kl. 19.30. Sjå nærare kunngjering i preikelista s. 8.

Frå side 1

rekkje stader der dei har budd i Stavanger, Bergen og Skottland. Ho har teke høgare organisteksamen, så ho er velkvalifisert til stillinga.

— Kor kjem du egentleg frå?

— Ja, det er litt vanskeleg å svare på. Far var prest, så vi flytta litt. Men det meste av barndomstida budde vi i Suldal i Ryfylke.

— Korleis hadde det seg at du utdanna seg til organist?

— Det var ofte vanskeleg å få organistar, så mor måtte spela utan at ho hadde utdanning. Som ung jente måtte eg hjelpe henne, først med å trø belgen, så å spela. Ho syntes det var vanskeleg å spela utan utdanning, så ho ville at eg skulle ha det. Seinare vart eg sjølv gift med ein prest, og då kunne det vera høveleg å ha den utdanninga. Men interessa for musikk har eg alltid hatt.

— Kva synest du om orgelet her i kyrkja?

— Slett ikkje verst. Eg har vore van med å spela på små kyrkjeorgel, så dette vart overgang til det betre. Sjølv om det er noko skada av for turr luft og ikkje alltid virkar som det skal, er førsteinntrykket bra.

Presten
har
ordet



Harald Sundsbø

Kyrkjetteljing

Nyleg var utsendingar frå Det Norske Heidningesamfunn innom 32 kyrkjer for å telja kor mange som var til gudsteneste ein kald januarsundag.

«Undersøkjinga» var vel ein lekk i deira propaganda mot kyrkje og kristentru for å visa at det ikkje er så mange som meiner noko med sitt medlemskap i kyrkja. Seinare har det vorte påvist at tala var for lave fleire stader og at utvalet av kyrkjer var lite representativt.

Eg trur at kyrkja har mykje å seia for langt fleire enn dei Heidningesamfunn registrerte denne januarsundagen. Men dette og andre ting viser vel at vi er på veg inn i ei tid då kristentrua møter klårare motstand. Kyrkja sin plass mellom folk vert ikkje like sjølv sagt som før, og mange vil ope kjempa mot det kyrkja lærer.

Likevel trur eg ikkje tala frå Heidningesamfunnet skal gjera oss motlause. Til det hender det for mykje gledeleg rundt om i kyrkjelydane. Dessutan er ikkje kyrkja ein menneskeleg organisasjon, men ein levande organisme (Sjå Ef. 4.14-16): *Det er Jesu gjerning som skal utførast, og han har noko å møte menneske med i dag også.*

Motbør er slett ikkje alltid tilbakegang i kyrkjesoga. Ofte har det verka framgang. Menneske vert sett på val — for eller imot. Og det er det valet Gud gjev oss også — det er ikkje noko midt imellom. (Matt. 12.30).

Sokneråda på arbeidsmøte

23.-24. jan. hadde begge sokneråda, dei tilsette i kyrkjelydane og nemndene for gudstenestene på Trengereid, Takvam og Haukeland / Unneland teke turen til Kvamssæter. Tida der vart godt nytta til drøftingar, gruppesamtaler og bibeltime. Biletet viser ei av samtalegruppene i arbeid. Emma som vart tekne opp var: nådegåvene, misjon i kyrkjelydane, og aktuelt i kyrkjelydane.

Utan om innleiingar ved presstane og soknerådsformennene var også representantar frå Misjonsselskapet og Santalmisjonen med.


Det var i år andre gongen ein har eit slikt møte. Det gjev betre tid til å ta opp større saker.

Konsertar i Arnakyrkja

Fredag 27. februar kl. 19.30 blir det ein times Janitsjarkonsert med gode lokale musikk-krefter, Arne Musikkforening og Musikklaget Janus med fleire. Søndag 8. mars kl. 19.00, er det kammermusikk-kveld og søndag 29. mars kl. 17.00 Heile kyrkjelyden syng!

BISKOP HAGESÆTHER

fortel om tida i Arna



Biskop Hagesæther.

Søndag den 15. februar er det Bibeldagen og som vi har gjort kjent tidlegare, vert biskop Olav Hagesæther talar ved høgmessa om formiddagen og på kyrkjelydsfesten om ettermiddagen. Hagesæther var prest i Arna frå 1939 til 1945 og vart nær knytta til folket her. Mange hugsar han frå den tida og frå rike samvær som dei hadde i krigsåra. Hagesæther er ein framifrå forkynnar og han var mykje med på samlingar om Guds ord både i kyrkjene og rundt i bygda. Han var og friidrettsmann og prøvde gjerne krefter saman med dei unge og han fekk god kontakt med folk ved å møte dei også i dei- ra daglege gjeremål.

Vi har hatt ein liten prat med han i telefonen og han minnest godt den fine vårdagen dei kom til Arna.

— Og det var vår også i folket. Rike vekkingar gjekk over bygde- ne og vi hadde mange møte rundt i bygda der presten naturleg var med.

— Korleis var det å vere prest under krigen?

— På eine sida var det ei vanskeleg tid, og det var ikkje lett å ta seg fram. Eg nytta mykje sykkel og spark når eg skulle ut i bygda. Men vi hadde god tid til å vere saman med folk og det var god kontakt folk imellom og mellom presten og folket.

Hagesæther fortel vidare at prestegarden var ein samlingsstad for mange. Når det var samvær i prestegarden, fylte folk stovene. Her fekk prestekona, Johanna Hagesæther, gjere si stille gjer- ning mellom folket. Ho hadde og ei «ungpikeforeining» som arbeide for misjon og som hadde god oppslutning. Foreininga hadde og ein kvartett som opptreidde med song.

Hagesæther er sjølv glad i song og musikk og han starta Arna misjonskor som øvde i Ytre Arna og hadde folk frå begge kyrkje- lydane. Dei øvde kvar tysdag og på øvingane hadde dei ikkje berre song, men ein del av tida nytta dei og til bibeltime.

— Korleis var ungdomsarbeidet i den tida?

— Dei hadde eit rikt ungdoms- arbeid på bedehuset «Betania» på Lone og foreininga i prestegarden samla unge frå området rundt kyrkja.

Både Olav og Johanna Hage- sæther kan såleis sjå tilbake på ri- ke år i Arna.

Vi nemner og at på kyrkjelyds- festen søndagskvelden er det konfirmantar frå det første konfir- mantkullet til Hagesæther som har ansvaret for opplegget.

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50
Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna- folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyer. Monumenter besørjes oppsatt.

ARNA SPAREBANK

Indre Arna · Espeland · Ytre Arna

Banken i Arna frå 1866
Banken der du bur

— til bygdefolket sitt
beste gjennom 115 år.

ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss De også. Vi gir god service.

Kversøy Bilforretning

ESPELAND
Telefon 24 00 17 — 24 08 45

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har laveste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88
Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kje- de av elektriske forretninger
EL-KJØP

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, kon- firmasjon og barnedåp.

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Velkommen til kyrkje



22. FEBR.:

Arna kl. 11: res.kap. Sundsbø. Kyrkjekaffi. Barnevakt. Offer til Kristenfolkets edruskapsråd.

Ytre Arna kl. 11: familiegudsteneste, sokneprest Øy. Borna sin misjonsdag. Offer til Santalmisjonen.

1. MARS:

Arna kl. 11: sokneprest Øy, familiegudsteneste. Borna sin misjonsdag. Offer: Santalmisjonen.

Arna kl. 19: Ungdomsgudsteneste. Sokneprest Øy og ungdomsarbeider Roald Leikvoll. Nattverd.

Ytre Arna kl. 11: krinssekretær Martin Halleraker og Per Sæle. Barnevakt.

Trengereid kl. 11: res.kap. Sundsbø.

Haukeland kl. 16.30: Sokneprest Øy.

4. MARS:

Arna kl. 19.30: Fastegudsteneste, sokneprest Øy.

Ytre Arna kl. 19.30: Fastegudsteneste, res.kap. Sundsbø. Nattverd.

8. MARS:

Arna kl. 11: sokneprest Øy. Nattverd.

Arna kl. 19.00: Kyrkjekonsert.

Ytre Arna kl. 11: res.kap. Sundsbø, Nattverd. Offer kyrkjelydsarbeidet.

11. MARS:

Arna kl. 19.30: Fastegudsteneste, res.kap. Sundsbø. Nattverd.

15. MARS:

Arna kl. 11: res.kap. Sundsbø. Offer Menighetsfakultetet.

18. MARS:

Arna kl. 19.30: Fastegudsteneste, sokneprest Øy.

22. MARS:

Arna kl. 11: sokneprest Sellevold og bibelskulelærer K. Helland. Nattverd. Barnevakt. Offer: Bibelskolen i Bergen.

Arna kl. 19: Ungdomsgudsteneste v/sokneprest Øy.

Ytre Arna kl. 11: : sokneprest Øy. Barnevakt. Offer: Prostrådet.

25. MARS:

Trengereid kl. 19.30: Fastegudsteneste, sokneprest Øy.

Arna kl. 19.30: Fastegudsteneste, res.kap. Sundsbø. Dâp.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10 – 11.30

Torsdag kl. 17.30 – 19.00

Prestekontoret Ytre Arna, Gamlevegen 8: Tlf. 24 13 25.

Kontortid: Tysdag 17.00 – 18.00 og fredag 09.00 – 10.00.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna

Redaksjonsnemnd: Målfrid Sandvik, Helge Eide, Margit Boge, Sylvi Sæle,
Ragnhild Rismyhr, Bjørg Hellesøy, Harald Sundsbø.

Bladpengar: kr. 25.-

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Frist for innlevering av stoff nr. 3, 1. mars, nr. 4, 1. april.

Prioritert blad